

Ryfylkemuseet

Årlig klima- og miljørapport for 2020



Beskrivelse av virksomheten:

Ryfylkemuseet har fleire små lokasjoner rundt om i Ryfylke. Desse lokasjonane, og kalla satelittar, fører underregnskap på miljøprestasjonar, men blir ein del av eit felles sertifikat til hovedbygget på Sand.

Virksomheten sertifiseres etter følgende kriterier:

Felles kriterier, Byggentreprenør, Byggeier

Sertifikat 🌿

Type: Midlertidig


Utstedt: 02 okt, 2020

Utløper: 02 apr, 2021

★ Systemindikatorer


Årlig omsetning

↓ -2% fra 2019




Antall årsverk for rapporteringsåret

↓ -5% fra 2019



Sykefravær i prosent


↑ 33% fra 2019



Kommentarer til Arbeidsmiljø


Det har vore meir sjukefravær i 2020 enn tidlegare grunna koronapandemien. Om ein ikkje tek med koronarelatert fravær ligg sjukefravær på 3,3%, som er innanfor målet vårt.

Antall miljømerkede produkter til egen drift



Antall leverandører som har et sertifisert miljøledelsessystem som Miljøfyrtårn, ISO 14001, EMAS eller tilsvarende.

↓ -53% fra 2019




🗨 Kommentarer til Innkjøp

Me kjøper mest mogleg lokalt av innkjøp hjå oss. Økologiske varer til internasjonal kafé og slikt. Me vurderer alltid alternativ ved innkjøp, og sett lokal handel/miljøsertifisering/bærekraft høgt.


Energiforbruk

↓ -1% fra 2019



Energiforbruk pr. kvadratmeter

↓ -1% fra 2019




Kommentarer til Energi

Det har grunna korona vore ein del heimekontor, og fleire arrangement er avlyste grunna smittevernomsyn. I 2020 har me i tillegg redusert bruken av varmekablene ved inngangen til museumsbygningane på Sand. Desse tiltaka har resultert i redusert straumforbruk. Alle anlegg med straum har fått digitale strømmålarar.

⚡ Klimaregnskap


CO2 totalt

↓ -14% fra 2019




Transport og anleggsmaskiner

Flyreiser




CO2 utslipp fra flyreiser

↓ -86% fra 2019




Drivstofforbruk, totalt

↑ 9% fra 2019



Drivstofforbruk per mil

↓ -24% fra 2019




🗨 Kommentarer til Transport og anleggsmaskiner


Det har vore lite reising med fly i år. Mange arrangement har blitt avlyst grunna korona, og mange møter blir tatt via nett i staden for fysisk oppmøte. Generelt prøver me å velje meir miljøvennlige alternativ som buss, tog eller samkøring med bil der det er mogleg.

Avfall og ombruk

Avfall




Kildesortert avfall



Sorteringsgrad


↑ 20% fra 2019



🗨 Kommentarer til Avfall og ombruk

Ein del av desse tala er estimat, då ikkje alt blir målt i kg eller liter når det blir henta av gjenvinningsstasjonen. For dei fakturaene me har fått utan kg/liter har me basert oss på fulle konteinrar (660 L) for kvar tømning. I realiteten er nok det leverte talet på kg/liter lågare på alle avfallstypar.

Vannforbruk



☰ Gjennomførte tiltak

Arbeidsmiljø

Årleg personalseminar og månedlege personalmøter. Kaker til bursdagar og for å feire milepæl eller avslutting av prosjekt, og fruktkorg til dei tilsette. Årsmiddag i januar og sommaravslutting for tilsette inkludert partnarar. Fornyng av datamaskinar og innkjøp/fornyng av verneutstyr, samt utprøving av nytt timeregistrerings- og rapporteringssystem. Me har også gjort ein undersøking om heve- og senkebord og vil kjøpe inn dette til dei som ønsker det i 2021. Me har innført som fast rutine å ha månedlege leiargruppemøter, kor avdelingsleiarar møtast for å planlegge og samordne verksemda på museet. Generelt har me eit auka fokus på samarbeid på tvers av avdelingane som me kjem til å halde fram med.

Innkjøp og materialbruk

Generelt kjøper me mest mogleg lokalt, både matvarer og byggematerialer.

Avfall

Energi

I 2020 justerte me på oppvarmingen på Nesasjøhuset: nattsinking av innetemperatur blei slått av mellom 1. januar 2020-1. mai 2020 som ein test. Me kjem til å ta ein vurdering av energirekneskapet etter dette i 2021. 12.mars 2020 blei museet stengt grunna korona. Dermed blei det mindre transport og mindre energiforbruk (heimekontor m.m).

Transport

12.mars 2020 blei museet stengt grunna korona. Dermed blei det mindre transportbehov, og me har auka bruken av Teams og digitale møter betrakteleg. Museet har byta inn den eine bilen til handverkarane til to nye med lavare utslepp. Me har også innført elektronisk køyrebok med GPS-sporing. Tanken er å spare totalt kjørte kilometer med at handverkarar kan køyre museet sine bilar heim, og heimefrå dra direkte til anlegga.

Annet

Me har starta arbeidet med å implementere FNs berekraftsmål i vår drift og strategisk plan. Dette var eit av temaene i årets personalseminar.

☰ Handlingsplan

Miljøpolicy med konkrete mål for helse, miljø og sikkerhet

Det skal arbeidast vidare med å implementere FN's berekraftsmål i drift og strategisk plan. HMS-handboka skal oppdaterast om naudsynt.

Arbeidsmiljø: Mål, sykefravær

3,5 %

Arbeidsmiljø: Tiltak

Grunna korona forventer me fortsatt ei auke i sjukefravær samanlikna med tidlegare år, særleg frå tilsette med små unger. Målet er likevel sett lågt då me håper på at me nærmer oss ein meir normal kvardag i løpet av året. Det blir kjøpt inn heve- og senkebord til alle på kontoret som har meldt inn ønske om dette. Me fortsett fornying av datamaskinar og utstyr for dei som treng dette. Faste arrangement som kake i samband med bursdagar, årsmiddag, personalseminar og sommaravslutning vil halde fram som før. Det same vil skje med leiargruppemøta.

Innkjøp og materialbruk: Tiltak

Me kjem til å halde fram med å prioritere lokale/regionale leverandørar.

Energi: Tiltak

Me vil ta ein vurdering av energirekneskapet etter testinga av nattsinkinga på Nesasjøhuset. Me vurderer også å teste det å senke temperaturen i huset frå ettermiddag til kveld, når det vanlegvis ikkje er folk på huset. Utfordringa med å ha temperaturen låg på natta er at huset er svært kaldt morgonen etter, så det fungerer ikkje for oss. Nesasjøhuset er eit gammalt og verneverdig bygg som er dårleg isolert. Me vil også vurdere å få inn dei oppvarma anlegga samla i ein app for enklare kontroll av temperatur. Varmeomnen på toalettet i Li vil me også skifte i løpet av året. Me ønsker også å få greid ut moglegheita for å få montert solceller på taket til Nybygget.

Transport: Tiltak

Me kjem til å halde fram med bruken av elektronisk køyrebok.

Avfall: Mål, Kildesortering

0 %

Avfall: Tiltak

Det er vanskelig å følge opp kravene med å veie alt av avfall vi produserar på huset. Derfor stipulerer me ein god del, og me tar med oss dei store avfallsmengdene gjennom faktura mm. Me vil halde fram med å sortere. Det er ikkje hensiktsmessig for oss å sette eit tal på restavfall, fordi dette varierer heilt avhengig av kva prosjekt me arbeider med. Til dømes kan nokon restaureringsprosjekt generere mykje meir restavfall enn andre - men me arbeider alltid for å sortere mest mogleg.

Annet

12.mars 2020 blei museet stengt pga Covid-19. Mange nye tilsette/utskifting av personale i 2020 grunna pensjonering og permisjon.